

Sunnfjord kommune
Postboks 338
6802 Førde

postmottak@sunnfjord.kommune.no

Førde, 20.02.2023

Dette brevet er sendt på vegne av DNT Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) Sogn og Fjordane.

Fråsegn til Kommuneplan – Arealdel for Sunnfjord Kommune

Forum for natur og friluftsliv (FNF) Sogn og Fjordane er eit samarbeidsnettverk for natur- og frilufsorganisasjonar i regionen. Vårt mål er å ivareta natur- og frilufsinteressene i Sogn og Fjordane ved å styrke og fremje organisasjonenes arbeid, være ein møteplass for samarbeid og ein arena for kompetansebygging for natur- og frilufsorganisasjonane med sitt virke i regionen.

Viser til Framlegg til ny arealdel til kommuneplan for Sunnfjord kommune. Vi ynskjer å takke for moglegheita til å spele inn våre fråsegn til denne planen. Planen er på 2. gongs utlysing, vi vil likevel starte med å nemne eit overordna punkt som Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane tykkjer er viktige tema å få med i ein arealplan.

Tek Sunnfjord Kommune Naturkampen?

Vi er midt i ei naturkrise så vel som ei klimakrise. Det må satsast på å ta vare på den naturen vi har. Ein god start er å legge gode planar for bruken av areal som tek omsyn til naturverdiar og viktige økosystemtenester. Dette arbeidet bør vere forankra i oppdatert kunnskap, kompetanse og arealnøytralitet. Sabima har lansert Naturkampen¹ og rangerer kommunane i landet etter kriteriar for kor godt dei jobbar med å ta vare på natur. Der ligg Sunnfjord kommune på ein 325. plass samanlagt. Tek Sunnfjord kommune naturkampen i 2023?

Naturkartlegging

For å oppnå berekraftig utnytting av areal i kommunen og for å nå FNs og nasjonale berekraftsmål, treng ein eit oppdatert kunnskapgrunnlag og oversikt over (alle!) naturverdiane ein sit på. Det inkluderer økosystemtenester² og ikkje berre dei verdiane som er reint økonomiske. Det blir i planomtalen referert til ein større kartlegging av biologisk mangfald gjort i 2004. Dette kunnskapsgrunnlaget må oppdaterast. Kunnskapsgrunnlaget om naturverdiar må òg settast i samanheng med arealbruk, og det må leggjast ein plan for korleis ein skal ta vare på viktig natur også utanfor naturvernområde.



Arealnøytralitet

Den største trusselen for biologisk mangfold, som inkluderer den naturen vi omgir oss med og lever av, er bit-for-bit nedbygging av areal. Det er derfor svært positivt på at Sunnfjord kommune i sin planomtale tek med at kommunen har som mål å vere arealnøytral!³ Forum for natur og friluftsliv ynskjer betre utnytting av allereie utbygd areal, at urørt natur får stå og at kommunen har fokus på å restaurere øydelagd natur, for å få arealreknskapen til å gå opp i ein kommune med nedbygging av natur- og landbruksareal. Det er også heilt naudsynt om kommunen skal nå regionale og nasjonale mål om å verne naturareal, slik som vi har forplikta oss til gjennom naturavtalen⁴. Derfor er merker vi oss negativt at Del av totalareal for Grønnstruktur og LNF områder har minka frå gammal til ny KPA.

FNF Sfj synes det er positivt at Sunnfjord Kommune konkluderer i planomtalen at det «*er behov for meir kunnskap, og systematisert kunnskap, om naturmangfaldet i kommunen, og kommunen ynskjer å utarbeide ein kommunedelplan for naturmangfald*». Men er skuffa over at ein ikkje har prioritert det i denne planstrategiperioden. Dette syns vi bør prioriterast. Det bør ligge til grunn ein plan som inkluderer total areal natur ein har i kommunen, og ein oversikt over kva naturtypar som finst i kommunen vår. Vi er heldige som har slik variert og verdifull natur, og bør aktivt ta med naturverdiane i dei forskjellige naturtypane som t.d. myr, temperert regnskog osv. i arealreknskapen. Det vil vere nyttig for å nå både natur- og klimamål.

Fortetting

FNF ynskjer at det blir fokus på betre utnytting av allereie utbygd areal og fortetting av tettstadar. Eit viktig tiltak vil vere å sikre eigna ferdigregulerte bygg eller areal til næringshagar for fjernjobbing i alle bygder av ein viss storleik. Dette bygger opp om kommunen sine strategiar om attraktive arbeidsplassar, mindre klimautslepp frå køyring, og sikrar gode bygdesentrum. Eit anna konkret tiltak vil vere å regulere noko areal (som allereie er regulert for bustadområde) for mikrobustadar i nærleik til utvalde bygdesentrum. Det er mykje fokus på å bygge meir og større i alle kommunesentruma, men vi meiner det kan godt byggast smartare – og at å ta meir natur inn i sentrum er noko som gagnar alle. Friluftsliv og natur er bra for folkehelsa⁵, og folk flyttar til stader som Sunnfjord for natur – og sjølv om ein vil legge til rette for næring og samfunnsutvikling er vi sikker på at det kan gjerast uten å alltid måtte bygg ut, større og meir, men med smarte og innovative løysingar. Få grøne lunger inn i by- og tettstadutvikling og bygg fortettande og utnytt allereie utbygde areal.

Planomtale

Fleire linkar i planomtale-dokumentet linkar ikkje til riktige sider på nett. Det var ikkje lett å finne arealstrategi og andre dokument ein gjerne vil gå over i samband med arealplanen og som planomtalen referer til.

Plankart

Det vanskeleg å forstå karta med omsyn til fargemerking, då vi ikkje finn forklaringar på fargar og kva kategoriseringane betyr i kartlaga. Kva ligg I “Fiske” til forskjell frå “Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone” og kva betyr så “Naturområde” i denne planen, for Sunnfjord kommune?

Det kunne vore betre forklart i føresegnene kva som er forskjellen på f.eks «9. Bruk og vern av sjø og vassdrag» og «Naturområde» - når kjende verna vassdrag for eksempel er kategorisert under «naturområder» og ikkje «vern». For dei som ikkje kan plan og bygningslova og desse kategoriane var det ikkje heilt lett å forstå – og då kan ein gå glipp av ting å kommentere.

LNF/LNFR og framtidige dispensasjoner frå arealplan

I regjeringens veileder for kommuneplanens arealdel står det

«I kommuneplanens arealdel fastsetter kommunestyret hva som er tillatt arealbruk, og hvilke restriksjoner som gjelder i planområdet gjennom arealformål, hensynssoner og generelle og formålstilknyttede planbestemmelser og retningslinjer»⁶

Forum for natur og friluftsliv vil trekke fram at det er dårlig praksis å gi dispensasjoner frå plan over lav sko. Det at det er to områder som «vi veit» er under planlagt utbygging i det som i denne nye planen er avsatt til LNFR område – gjer at vi stussar litt.

Det må jo bety at kommunen planlegg å la fjellområdet ved Snøheia, på grensa til Høyanger, der det er snakk om vindindustri og området der det er planar om Gondol på tverrfjellet innerst i Kjøsneshjorden vil vere avsatt til LNFR område så lenge denne arealplanen skal vare.

Noko anna vil vere dårleg praksis, og det burde vere avsatt areal til planlagde utbyggingar.

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane er glad for – og støttar at desse områda får vere LNFR område og ikkje blir utbygd verken til vindkraft eller gondol. Det vil forringe store og viktige naturverdiar i sårbare områder opp mot isbre og nasjonalpark på Tverrfjellet og i fjellheimen som grensar til Gaular vassdraget som er eit ekstremt viktig verna vassdrag og Gaularfjellet med nasjonal turistveg.

BG 2021001 - Viktig naturområde

Løken, i Førde sentrum, må bevarast Indre Øyrane gbnr. 21/576 inkludera del av naturområdet Løken, som er årsaka til strenge krav om høg utnytting og effektiv arealbruk på Indre Øyrane. FNF Sogn og Fjordane ber om at området ned mot Løken, i denne planen, blir regulert som torg/gangareal, grønstruktur eller naturområde i sjø og vassdrag, og at ein ikkje bygger ut veg, varelevering og/eller parkering tett opp til dette området. Vi er uroa for at torgområdet blir eit trafikkareal då vi ser at det er tenkt varelevering rundt heile bygget. Dette avviker kraftig frå føringar og føresegner i overordna områdeplan. FNF ynskjer at Løken framleis blir løfta fram som eit spesielt verdifullt naturområde i Førde. At fokuset på blågrøne strukturar på Indre Øyrane blir vedlikehalde og at det må vere ei solid buffersone mellom Løken og trafikkareala kring utbygginga på Indre Øyrane. FNF Sogn og Fjordane fryktar at bit-for-bit endring og avvik frå områderegeringsplanen vil gje negative verknadar og konsekvensar for det viktige natur- og friluftsområdet Løken.

Førdefjorden -

Eit levande fjordøkosystem

Førdefjorden, som er sjølve fjorden i Sunnfjord kommune, er via lite merksemd i arealplanen. Dette finn vi underleg sidan Førdefjorden, frå botn til overflate, frå inst til kommunegrensa i vest, utgjer ein stor del av arealet i kommunen og det klart mest arts- og individrike naturarealet i kommunen vår.

Vi synes det er ganske spesielt å dele ein fjord inn i fiskesoner på den måten det er gjort, med korridorer mellom «areal» satt vekk til fiske med opning for gruvedeponi m.m.

Denne inndelinga / desse planene viser lite forståelse om fjorden som eit levande økosystem i eit «flytande element» som vatn og sjø jo er, som ikkje realistisk sett vil kunne delast inn i soner som dette. Det vil ikkje ha noko praktisk konsekvens anna enn at heile den indre delen av fjorden vil bli påverka av deponi – og at å opne for eigne områder for fiske her er bra – så vil det ikkje garantere at det er noko fisk å fiske her grunna inngrep i nærliggande områder av fjorden. Ein burde kanskje få «H550 omsyn landskap» ute i fjorden?

Viktig busettingsgrunnlag

Førdefjorden og fjordlandskapet rundt er svært attraktivt og svært viktig som busettingsgrunnlag, for rekreasjon, for matfiske og for næring, såvel reiseliv som fiskeri- og sjømat.

Nasjonal laksefjord

Førdefjorden har særskildt vern som nasjonal laksefjord og villaksen står på raudlista. Det er også kjent at fleire andre raudlista artar held til i fjorden, og at fjorden er gyte- og yngleplass for ei rekke artar. Vi ser at delar av gyteplassar for kysttorsk er merka av med «fiske». Dersom kunnskap manglar for å ivareta andre artar, må slik kunnskap innhentast.

Kunnskapsgrunnlaget

Det framstår som at kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for planen når det gjeld Førdefjorden, er utilstrekkeleg og magert. Det vert vist til Artsdatabanken og Naturbase, samt NIBIO. Langt frå alt av forekomstar og forhold er registrert i desse registra. Kva med å få gjennomført kartleggingar og innhente kunnskap frå myndighetene sine ekspertar på fjordforhold, Havforskningsinstituttet?

Naturmangfaldlova legg vekt på å innhente kunnskap hos lokalbefolkninga, vi ser ikkje at dette er gjort for bruken av og kunnskap om livet i Førdefjorden og betydninga av fjorden for busetting, trivsel og næring, samt vidareutvikling av kommunen på grunnlag av nettopp desse verdiane av Førdefjorden.

Rekreasjon

Vi er kjende med at folket i store delar av Sunnfjord, i Førdeområdet og utover langs Førdefjorden aktivt brukar fjorden for fritid, rekreasjon og for matauk. Sidan fjorden er rik, finst det her framleis ein aktiv tradisjonskunnskap om fjordbruk / matfiske, men som diverre er borte i store delar av kysten i takt med forringa naturforhold.

Viktige naturtypar i fjordlandskapet

Elvemunningar

Elvemunningane og ikkje minst elvadeltaene er sjeldne naturtypar i overgangen mellom land og fjord, der mange artar held til og er særleg viktige i deira næringssøk og livssyklus.

Det er viktig å ta vare på Førdefjorden, inkludert fjordlandskapet med elvedelta / - munningar og strender som eineståande, rikt og fungerande økosystem, samt den fiskekulturen og

sjømatkunnskapen vi har ved Førdefjorden i Sunnfjord og at arealdelen av samfunnsplanen aktivt legg dette til grunn.

Vi vil for Førdefjorden kommentere følgende spesielt:

- Det er artar, raudlista og andre frå botn til overflata og like inntil stranda langs fjorden, dvs heile fjorden må ha arealbruk for sjølevande artar og artar som lever ved og på sjø, dvs må arealformålet vise dette, at her er aretar som skal ivaretakast, samt fiskast noko av.
- Elvedelta og elvemunningar må ha særskildt vern mot inngrep, forringing, forureining og det må vere romsleg buffersone. Vi oppfattar at «naturområde» er brukt for område som er tenkt ha særskildt vern og meiner elvedelta/ munningar må ha slikt vern, som så viktige for livet i både sjø og elv og rundt.
- Vi vil særskildt påpeike at elvedelta og strand vestover frå Storelva i Vevring er merka med småbåthamn. Dette er stort inngrep direkte i elvedelta/ elvemunning og vil vere til skade for artar og naturmiljøet. Her dreiar det seg om verdifullt og sjeldent naturmiljø og naturtype som i staden må ha særskildt vern og i kategori som «Naturområde».
- Vi nemner elvemunningane ved lakseelvane Jølstra og Nausta, her foreslår vi kategorisering «Naturområde» og særskildt vern.
- Vi ser at kjend gyteplass for kysttorsk på Redalsvik, berre flekkvis er kategorisert med «fiske». Vi vil påpeike at heile Redalsvik frå munningen er gytefelt og må merkast av til slikt viktig reproduktivt formål og ha eige vern som naturareal. Alternativt må heile Redalsvik, samt Gjøringebøvik merkast med «fiske».

Venleg helsing

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane

Ket Fossen

Ket Fossen
Koordinator
FNF Sogn og Fjordane

- 1 - <https://naturkampen.sabima.no/>
- 2 - <https://www.sabima.no/okosystemtjenester-naturens-goder/>
- 3 - <https://www.sabima.no/et-arealnoytralt-norge/>
- 4 - <https://www.fn.no/om-fn/avtaler/miljoe-og-klima/fns-naturavtale>

5 - <https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/sektorrapport-om-folkehelse/trygge-og-helsefremmende-miljoer/tilgang-til-natur-og-rekreasjonsomrader-friluftsliv-og-idrett>

6 –

https://www.google.com/search?q=kommuneplan+arealdel&rlz=1C1GCEA_enNO997NO997&og=kommuneplan+arealdel&aqs=chrome..69i57j0i512l4j69i60j69i61l2.4996j0j4&sourceid=chrome&ie=UTF-8

